



Langhøyane As  
Nøstegaten 56  
5011 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/3778 - 23/3882

Saksbehandlar:  
Mette Robertsen  
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:  
16.01.2023

## Ferdigattest - gbnr 445/487 og gbnr 445/488 Manger nedre

**Administrativt vedtak:** Saknr: 060/23  
**Tiltakshavar:** Langhøyane As  
**Ansvarleg søkjar:** Florvaag Hus As  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for planering av to tomter på gbnr 445/487 og gbnr 445/488 Manger nedre.**

**Tomtene må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdig stilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 28.11.2022. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad mottaken 13.01.2022.

### Skildring

Adresse:	Langhøyane på Manger nedre. 4631 Alver
Bygningstiltak:	Planering av to tomter, gbnr 445/487 og gbnr 445/488
Bygningsnummer:	Ikkje relevant
Bruksareal:	Gbnr 445/487 916,1m2. Gbnr 445/488 942,9m2

Avlaup:	Hovudleidningar er gitt ferdigattest 07.06.2017. Sak 15/1948
Vatn:	VA rør er lagt inn i tomtene

### Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/3778

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Mette Robertsen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

Florvaag Hus As  
Langhøyane As

Nøstegaten 56 5011  
Nøstegaten 56 5011

BERGEN  
BERGEN